



[Til hovedinnhold](#)



[Avbryt](#)

[Logg inn](#)

Hovedmeny

- [Rettskilder](#)
 - [Tjenester](#)
 - [Om Lovdata](#)
 - [Mer](#)
 - [¶Grunnloven 1814 til i dag](#)
 - [□Lik oss på Facebook](#)
 - [□Følg oss på twitter](#)
 - [🌀Om informasjonskapsler](#)
-
- [Rettskilder](#)
 - [¶Lover](#)
 - [□Storingsvedtak](#)
 - [□Sentrale forskrifter](#)
 - [□Lokale forskrifter](#)
 - [□Norsk Lovtidend](#)
 - [□EØS-avtalen](#)
 - [🌐Norges traktater](#)
 - [□Avgjørelser](#)
 - [Trygderettskjennelser](#)
 - [Tariffavtaler](#)
 - [📖Statens personall håndbok](#)
 - [¶Oversatte lover / Translated Acts](#)
 - [□Oversatte forskrifter / Translated regulations](#)
 - [□Oversatte avgjørelser / Translated decisions](#)
-
- [Tjenester](#)
 - [Lovdata Pro↗](#)
 - [Studentabonnement↗](#)
 - [Varsling](#)
 - [E-publikasjoner](#)
 - [Europalov.no↗](#)
 - [Søkeoppdrag↗](#)
 - [Kurs↗](#)
 - [Tidsskrifter](#)
 - [API](#)
 - [Advokatoversikt](#)
 - [22. juli-saken](#)

- [Om Lovdata](#)
- [Generell Informasjon](#)
- [Brukeravtale](#)
- [Personvern](#)
- [Kontakt oss](#)
- [Redaktøransvar](#)
- Mer
- [RSS-feed](#)
- [Lenker](#)
- [European Legislation Identifier \(BETA\)](#)
- [Eksamen](#)

Verktøylinje

Forskrift om vatn- og avlaup, Masfjorden kommune, Hordaland

- Innholdsfortegnelse
- [📄](#)
-
- [📄](#) Skriv ut
- Del dokument

Trykk Escape for å lukke innholdsfortegnelse

Søk i innholdsfortegnelse (listen oppdateres idet du skriver)

-
- [Forskrift om vatn- og avlaup, Masfjorden](#)
 - [Kapittel 1. Generelle regler \(§§ 1-1 - 1-6\)](#)
 - [§ 1-1. Føremål](#)
 - [§ 1-2. Struktur](#)
 - [§ 1-3. Virkeområde](#)
 - [§ 1-4. Unntak](#)
 - [§ 1-5. Tilknytingsavgifter for vatn og avlaup – utforming av gebyret](#)
 - [§ 1-6. Definisjonar](#)
 - [Kapittel 2. Vatn og avlaup \(§§ 2-1 - 2-9\)](#)
 - [§ 2-1. Innleiing](#)
 - [§ 2-2. Tilknytingsavgift](#)
 - [§ 2-3. Årsavgift \(utan vassmålar\)](#)
 - [§ 2-4. Årsavgift \(med vassmålar\)](#)
 - [§ 2-5. Mellombels tilknytning](#)
 - [§ 2-6. Vassbruk i gjødselkjellar](#)
 - [§ 2-7. Styrttapping og hagevatning](#)
 - [§ 2-8. Tillegg og frådrag](#)
 - [§ 2-9. Eigedom utan godkjent tilknytning](#)

- [Kapittel 3. Betaling, klager og sanksjonar \(§§ 3-1 - 3-3\)](#)
 - [§ 3-1. Innkrevjing av avgifter, gebyr renter og anna](#)
 - [§ 3-2. Arbeid utført for abonnenten si reikning](#)
 - [§ 3-3. Klager](#)
- [Kapittel 4. Iverksetjing \(§4-1\)](#)
 - [§ 4-1. Iverksetjing](#)
- [Vedlegg:](#)

Ditt søk ga desverre ingen treff.

➔ [Gå til opprinnelig kunngjort versjon](#)

Forskrift om vatn- og avlaup, Masfjorden kommune, Hordaland

Dato	FOR-2014-12-11-1933
Publisert	II 2015 hefte 1
Ikrafttredelse	01.01.2015
Gjelder for	Masfjorden kommune, Vestland
Hjemmel	LOV-2012-03-16-12-§3
Kunngjort	29.01.2015 kl. 15.30
Korttittel	Forskrift om vatn- og avlaup, Masfjorden

Kapitteloversikt:

- [Kapittel 1. Generelle reglar \(§§ 1-1 - 1-6\)](#)
- [Kapittel 2. Vatn og avlaup \(§§ 2-1 - 2-9\)](#)
- [Kapittel 3. Betaling, klager og sanksjonar \(§§ 3-1 - 3-3\)](#)
- [Kapittel 4. Iverksetjing \(§4-1\)](#)
- [Vedlegg:](#)

Heimel: Fastsett av Masfjorden kommunestyre 11. desember 2014 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3.

Kapittel 1. Generelle reglar

§ 1-1. Føremål

Denne føresegna har som målsetjing å sikre gjennomføring av dei plikter kommunen er pålagt ved lov, og å nå dei mål som er nedsett i kommunen sitt planverk knytt til vatn og avlaup. Felles for dei sjølvfinansierande områda, er at kostnaden fullt ut kan dekkast inn ved hjelp av kommunale avgifter.

[Del paragraf](#)

§ 1-2. Struktur

1. Denne forskrifta (revisjon ved behov).
2. Avgiftsregulativ (årleg regulering gjort av kommunestyret).
3. Reglement, vilkår for tilknytning til vatn i Masfjorden vassverk.

[☞ Del paragraf](#)

§ 1-3. Virkeområde

Føresegna gjeld alle hushald/bueiningar, hytter og offentlege/private verksemder som er, eller vil verta knytt til offentleg vatn og avlaupsanlegg i kommunen.

[☞ Del paragraf](#)

§ 1-4. Unntak

Kommunen kan i einskildsaker etter skriftleg søknad gjere unntak frå reglane i denne føresegna om rimelege grunnar tilseier dette. Søknadar om unntak eller dispensasjon skal innehalde korrekt oppgåve over eigar, brukar og adresse, kva det vert søkt om og grunngeving for dette. Når nytt hus kjem opp gjeld reglar som for nybygg, bortsett frå der tilknytingsavgift alt er betalt.

[☞ Del paragraf](#)

§ 1-5. Tilknytingsavgifter for vatn og avlaup – utforming av gebyret

[+] Vis tabell

<i>Bustader og hytter</i>	<i>Bruksareal</i>	<i>Tilknytingsgebyr vatn</i>	<i>Tilknytingsgebyr avlaup</i>
A	0–70 m ²	50 % av minimumsgebyr	50 % av minimumsgebyr
B	Større enn 70 m ²	100 % av minimumsgebyr	100 % av minimumsgebyr

Det gjeld same pris for seksjonerte bueiningar som bueiningar som står på egne bruksnummer. Det skal betalast for kvar bueining i fleirmannsbustader.

[+] Vis tabell

<i>Nærings/forretning, kontor, landbruksbygg, naust</i>	<i>Bruksareal</i>	<i>Tilknytingsgebyr vatn</i>	<i>Tilknytingsgebyr avlaup</i>
A	0–70 m ²	50 % av minimumsgebyr	50 % av minimumsgebyr
B	71–200 m ²	100 % av minimumsgebyr	100 % av minimumsgebyr
C	201–1000 m ²	200 % av minimumsgebyret	200 % av minimumsgebyret

Bruksareal skal målast etter reglane gjeve om målereglar i NS 3940.

[☞Del paragraf](#)

§ 1-6. Definisjonar

Avrekningsperioder: 1. halvår (1. januar–31. juni): vatn, avlaup
2. halvår (1. juli–31. desember):, vatn, avlaup.

Avrekningsperiode vassmålarar: 12 månader – Skriftlig melding om avlesing blir sendt ut.

Abonment er rekna som heimelshavar eller festar av eigedom som omfattar desse områda:
Vatn & Avlaup.

Abonnement er avtalen mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avlaupstenester gjennom tilknytning til kommunen sine vatn og avlaupsanlegg. Avtalen treng ikkje vera skriftleg for å gjelda. Avtale om tilknytning via private fellesleidningar vert rekna som abonnement.

Brukar er den som til dagleg brukar dei kommunale tenestene.

Eigedom er fast eigedom registrert som sjølvstendig eining i tinglysingsregisteret. Seksjon etablert etter lovgjevinga om eigarseksjonar reknast som sjølvstendig eigedom.

Årsavgift er den årlege summen som abonnenten må betale for tenester knytt til offentleg vatn og avlaup. Årsavgifta kan vera ei fast avgift eller ei variabel ut frå målt vassforbruk. Nivået vert bestemt i det årlege gebyrregulativet som kommunestyret vedtek.

Kommunal avlaupsleidning Med kommunal avløpsleidning forstår ein i denne føresegna og tilhøyrande regelverk separate leidningar for avlaup frå sanitærutstyr og industriproduksjon (spelvassleidningar) og leidningar for tak, drens- og overvatn (overvassleidningar) eller fellesleidningar for desse typer avlaupsvatn som kommunen heilt eller delvis har kosta, kjøpt eller teke over på ein annan måte.

Kommunal vassleidning er vassleidning eigd av kommunen fram til det punkt der abonnent er bedd om å knyte seg på med privat leidning. Normalt er dette tilknytingspunktet i kum, men ein del eldre tilknytningar er gjort med direkte anbering utanom kum.

[☞Del paragraf](#)

Kapittel 2. Vatn og avlaup

§ 2-1. Innleiing

Kostnad for vatn og avløp skal finansierast av tilknytingsavgifter, årsavgifter og eigne avgifter for bestemte tenester som t.d. stenging og opning av vassforsyning, avlesingskontroll eller anna hjelp med vassmålar. Kommunale avgifter for vatn og avløp blir kvart år vedtekne av kommunestyret i eiga gebyrsak. Heimelshavar eller seksjonseigar er ansvarleg for betaling av dei kommunale avgiftene. For eigedom som er festa, er festaren ansvarleg.

[☞Del paragraf](#)

§ 2-2. Tilknytingsavgift

Det skal betalast tilknytingsavgift for vatn og avlaup for følgjande tilfelle:

- A. Nybygg
- B. Bruksendringar eller tilbygg som medfører nye bueningar eller nye seksjonar.
- C. Eksisterande bygg som skal tilknytast eller som kommunen krev vert tilknytt.
- D. Eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent.
- E. Anna permanent tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg som til dømes vatningsanlegg mv.
- F. Bygningar som tidlegare har vore knytt til private vass- og/eller avløpsverk.

Naust, sjøhus som skal ha felles vasspost skal betala ei tilknytingsavgift for denne vassposten, så lenge det ikkje vert lagt inn vatn til nausta.

Det skal også betalast tilknytingsavgift for bygg med mellombels tilknytning for inntil 2 år. Bygg med mellombels tilknytning kan til dømes vere brakkerigg, særskilt tilknytning av sprinkleanlegg, kaldlager utan innlagt vatn.

For alle typar bygningskategoriar skal det betalast eit tilknytingsgebyr for vassforsyning og eit for avlaup i høve til arealstorleiken, jf. vedlagde tabell i § 1-5. Sjå elles detaljer i årleg oppdatert avgiftsregulativ.

Garasje i bustader og hytter skal ikkje reknast inn i bruksarealet. For driftsbygningar skal berre husdyrromet og sanitær/mjølkerom reknast med. Plikt til å betala tilknytingsavgift gjeld pr. bygg, men pr. seksjon dersom eit bygg er oppdelt i fleire eigedomar t.d. ved seksjonering. På ein landbrukseigedom skal det betalast ei tilknytingsavgift for kvar tilknytt bygning.

For bygg som består av både bustad og anna type lokale, skal det betalast tilknytingsavgift for kvar av delane etter ovanstående reglar.

Faktura for tilknytingsavgift vert sendt ut saman med vedtak om løyve til tiltak. Arbeid som krev byggeløyve- også graving eller fylling, må ikkje setjast i gong før avgifta er betalt. Ved seinare utseksjonering av sjølvstendige einingar i ferdig bygg, skal det betalast tilknytning for alle nye seksjonar som vert etablert uansett storleik. Avgifta skal då betalast seinast ved tinglysing av nye seksjonar.

[Del paragraf](#)

§ 2-3. Årsavgift (utan vassmålar)

Årsavgift skal baserast på stipulert vassforbruk med dei atterhald som elles går fram av føresegn/regelverk og avgiftsregulativ. Denne faste årsavgifta skal betalast av alle bustader og hytter som er knytt til kommunalt vatn- eller avlaupsanlegg, og som ikkje ønskjer å betala etter målt forbruk. Alle kan krevje at gebyret vert rekna etter § 2-4 (målt vassforbruk).

Full årsavgift for vatn og avlaup kan tidligast krevjast inn frå og med dato mellombels bruksløyve eller ferdigattest er gjeve, eller frå den tid bygningen er teke heilt eller delvis i bruk.

☞Del paragraf

§ 2-4.Årsavgift (med vassmålar)

Industriverksemd, jordbruksverksemd, forretning, kontor og anna verksemd, samt naust og sjøhus skal ha installert vassmålar og skal betala vassgebyr etter forbruk. Alle abonnentar som har privat stikkledning med dimensjon > 40mm skal ha vassmålar. Alle eigedomar som har installert vassmålar betaler ei fastavgift i tillegg til forbruk. Årsavgift med vassmålar gjeld alle eigedomar som er knytt til kommunalt vatn- eller avlaupsanlegg og som ikkje betalar fast årsgebyr (jf. § 2-3).

Kostnad av vassmålar, utgifter til installasjon, eventuell flytting og vedlikehald skal betalast av den avgiftspliktige. Masfjorden kommune skal godkjenne type, plassering og storleik av målararen. Installasjon og vedlikehald, eventuell flytting, byting eller fjerning av målar skal utførast av autorisert røyrleggjar.

Kommunen sender årleg ut brev til abonnentane som har installert vassmålar og ber om målaravlesing med datofrist for tilbakemelding. På grunnlag av dette vert det sendt ut faktura. Kommunen har rett til å krevje årsavgift på grunnlag av forbruket det føregåande året, dersom tala som kjem fram er unormale enten på grunn av tekniske årsaker eller avlesingsfeil. Abonnent har frist på 1 månad til å reparere defekt målar. Kommunen har rett til å kontrollere vassmålarane til ei kvar tid.

Eigedomar som har godkjent vassmålar skal betale årsavgift for både vatn og avløp etter målt vassforbruk og gjeldande pris for avløpsvatn basert på vassforbruket. Dersom avlaupsmengda er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, skal avlaupsavgifta baserast på den avlaupsmengda som vert bestemt av kommunen.

☞Del paragraf

§ 2-5.Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning gjeld for arbeidsbrakker og andre bygg av mellombels karakter med innlagt vatn og/eller er tilknytt kommunalt avløp, som berre skal brukast i ei avgrensa periode.

Det skal betalast tilknytingsavgift for mellombels tilknytning og alle kostnadene med tilknytning og fråkopling blir lagt på eigaren eller festaren av eigedomen. Alle tilknytningar og fråkoplingar krev skriftleg melding frå autorisert røyrleggjar. For andre tilhøve som gjeld mellombels tilknytning til kommunalt vatn og avløp, gjeld dei same administrative og tekniske reglar som for permanent tilknytning. (jf. § 2-4)

☞Del paragraf

§ 2-6.Vassbruk i gjødselkjellar

Det er forbod mot bruk av reinsa kommunalt drikkevatt til uttynning av husdyrgjødsel.

[☞Del paragraf](#)

§ 2-7. *Styrtapping og hagevatning*

Hurtigtapping (meir enn 1 m³ /time) og langvarig hagevatning er forbode utan avtale med kommunen. Kommunen kan forby hagevatning når det er påkrevd.

[☞Del paragraf](#)

§ 2-8. *Tillegg og frådrag*

Restriksjonar på vassforbruket eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av kloakk gjev ikkje grunnlag for reduksjon av avgift. Abonmentane har rett til reduksjon av gebyr ved ikkje varsla avbrot i vassforsyninga i meir enn 48 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast kommunale tilhøve t.d. feil ved kommunen sitt anlegg. Sats for gebyrreduksjon vert fastsett i gebyrregulativet. Krav om redusert gebyr må fremjast skriftleg innan 4 veker etter at hendinga skjedde.

Avvik og tilstandar som medfører auka kostnader for kommunen, vil kunne løyse ut tillegg i årsavgift.

[☞Del paragraf](#)

§ 2-9. *Eigedom utan godkjent tilknytning*

Er tilknytning ikkje godkjent av kommunen, skal det betalast årsgebyr frå og med det tidspunkt tilknytninga skjedde. Manglar kommunen grunnlag for å definere dette kan kommunen bruka skjøn. Slik utrekning inneber ikkje at kommunen har godkjent sjølve tilknytninga. Heimelshavar pliktar å søkje om tilknytning. Er ei fråkopling ikkje godkjent av kommunen, skal det betalast årsgebyr til den er godkjent.

[☞Del paragraf](#)

Kapittel 3. Betaling, klagar og sanksjonar

§ 3-1. *Innkrevjing av avgifter, gebyr renter og anna*

Kommunale avgifter/gebyr med tilkomne renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og innkrevjing av renter gjeld reglane etter lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunen § 26 og § 27.

[☞Del paragraf](#)

§ 3-2. *Arbeid utført for abonnenten si reikning*

Om pålegg ikkje vert etterfølgd innanfor fastsett frist, kan kommunen etter skriftleg varsel få naudsynt arbeid utført for abonnenten si rekning. Arbeid som ikkje kan utsetjast, kan kommunen gjera utan slik varsel på førehand og rekning kan då sendast abonnenten.

[☞Del paragraf](#)

§ 3-3.Klager

Pålagde avgifter og andre avgjerder som er gjort av kommunen, kan påklagast til kommunen etter reglane i forvaltningslova av 10. februar 1967.

[☞Del paragraf](#)

Kapittel 4. Iverksetjing

§ 4-1.Iverksetjing

Denne forskrifta vert gjort gjeldande frå 1. januar 2015. Eige reglement for vilkår for tilknytning til kommunalt vassverk i Masfjorden vil bli utarbeidd.

[☞Del paragraf](#)

Vedlegg:

Årsgebyr vatn og avlaup – ny struktur i gebyrregulativet om forskrifta vert som skissert ovanfor:

<i>Årsavgift vatn 2015</i>	Differensiering i prosent	Gebyr kr
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret	
Vatn inn i bygning, pris pr. m ³		XX,-
Fastavgift vassmålar		XXXX,-
<i>Tilknytingsavgift vatn 2015</i>		
Minimumsgebyr tilknytning		XXXX,-
Bustadar og hytter 0-70 m ²	50 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter større enn 70 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0-70 m ²	50 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71-200 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201-1000 m ²	200% av minimumsgebyret	
<i>Årsavgift avlaup 2015</i>		
Minimumsgebyr årsavgift		XXXX,-

Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret	
Vatn ut av bygning, pris pr. m ³		XX,-
<i>Tilknytingsavgift avlaup 2015</i>		
Minimumsgebyr tilknytning		XXXX,-
Bustadar og hytter 0-70 m ²	50 % av minimumsgebyret	
Bustader og hytter større enn 70 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0-70 m ²	50 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71-200 m ²	100 % av minimumsgebyret	
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201-1000 m ²	200% av minimumsgebyret	
•		
•		
•		

×

Del dokument

<https://lovdata.no> Kopier URL [Del på Twitter](#) [Del på Facebook](#) [Del på LinkedIn](#) [Del på e-post](#)

Brukerveiledning

?

Trenger du brukerveiledning?

[Få svar på ofte stilte spørsmål her \(FAQ\)](#)

Lovdata kan dessverre ikke svare på spørsmål angående juridiske problemer. Lovdata kan heller ikke bidra med å tolke regelverket eller finne frem til rettsregler som passer i et bestemt tilfelle. Kontakt den offentlige etaten spørsmålet gjelder, eventuelt advokat eller rettsjelper hvis du har behov for slik bistand.

Fant du ikke det du lette etter?

Send en e-post til support@lovdata.no

[Om informasjonskapsler](#)

- [Lovdata in English](#)

- Juster tekststørrelse Hold inne Ctrl-tasten (Cmd-tasten på Mac). Trykk samtidig på + for å forstørre eller - for å forminske.
- [Hjelp](#)
- [Kontakt](#)